



# Ruteendring frå 4. april

**PRESSEMELDING**  
30.03.2011

**KONTAKTPERSON**  
Camilla Lundberg  
Berntzen,  
Kommunikasjonsrådgiver i  
Skyss  
Tlf. 99 57 09 55

Den 4. april stenger Fanavegen mellom Skjoldhøgda og Skjoldskiftet på grunn av vidare utbygging av Bybanen. Skyss er difor nøydd til å gjere ein del endringar i rutetilbodet i Bergen sør. Endringane er gjeldande frå og med måndag 4. april 2011.

Ei rekkje busslinjer får ny trasé, og det vert mellom anna sett opp fleire direkteavgangar mellom Lagunen og sentrum for å avhjelpa situasjonen. Skyss har på bakgrunn av dette gjort nokre mindre endringar og rutetilpassingar på andre linjer i Bergen sør. Alle som reiser med buss i Fana, Ytrebygda og Os bør difor sjekke kva endringar som verkar inn på kvar einskild si reise.

Endringane vil i første omgang gjelde fram til sommarrutene trer i kraft 27. juni 2011.

- Vi beklagar dei ulemper stenginga av Fanavegen fører med seg for kollektivbrukarane. I høve stenginga har vi jobba for å gjere ulempene så minimale som mogleg, men framkomsten på dei alternative omkjøringsvegar kan bli problematiske for bussane. Dette kan gå utover rutetidene, seier Oddmund Sylta, direktør i Skyss.

Vegen skal etter planen opnast igjen måndag 3. oktober 2011.

## Hovudendringar:

- Fanavegen stenger mellom Skjoldhøgda og Skjoldskiftet.
- Alle bussar mellom Nesttun og Lagunen får omkøyring via Apeltunvegen-Hjortevegen i perioden.
- Som avbøtande tiltak vil det bli fleire direkte avgangar mellom Lagunen og sentrum (via Fritz C. Riebers vei ) på linjene 26, 60 og 67. I rush vil det (i rushretning) vere avgangar i denne traseen kvart 7,5 minutt. (Morgonrush: kl. 06.35-08.30, ettermiddagsrush: kl. 15.00-16.50). På dagtid vil frekvensen vere kvart 30. minutt. Bussane vil betene alle haldeplassar langs traseen.



### **Linjer som får endra trasé:**

- Linje 52 Grimstad-Søreide blir forlenga frå Søreide til Dolvik terminal.
- Linje 53E Milde/Hjellestad-Sentrum (tre daglege ekspressbussavgangar) vil ikkje lengre køyre via Lagunen, men om Ytrebygdsveien-Knappetunnelen-Straumevegen, for å unngå forventa trafikkproblem i Lagunen-området
- Linje 53 Hjellestad/Milde-Birkelandskrysset blir slått saman med linje 51 Birkelandskrysset-Fjøsanger-Sentrum, slik at reisande slepp å byte buss i Birkelandskrysset. Linja vil heite 51.
- Linje 60 Fana-Nesttun: Ein del avgangar vil køyre Fana-Lagunen-Sentrum i staden for til Nesttun. Reisande til Nesttun på desse avgangar må byte buss på Lagunen.
- Linje 62 Drange-Lysekloster skule-Nesttun blir avkorta til Lagunen. Reisande som skal vidare, må byte buss der.
- Linje 64 Hordnes-Nesttun blir avkorta til Lagunen. Reisande som skal vidare, må byte buss der.
- Linje 65 Fana Stadion-Nesttun (begge retningar) vil køyre ei sløyfe til snuplass på Skjoldhøgda (v/Fana Blikk), for å betene reisande i og nær Fanavegen.
- Linje 67 Nordås-Lagunen blir forlenga til sentrum mellom kl. 07.00-21.00, i hovudsak med ein frekvens på 15 minuttar i rush og 30 minuttar elles.
- Linje 77 Nordås-Nesttun vil gå som i dag, sett bort frå rushtid - då må dei reisande nytte seg av linje 67.
- Linje 600 Bergen-Osøyro og 604 Osøyro-Halhjøm blir slått saman til linje 600 Bergen-Osøyro-Halhjøm, slik at reisande slepp å byte buss i Os.
  
- Linje 83 blir forlenga frå Nesttun-Wergeland til Nesttun-Bystasjonen. Linje 83 vil køyre med en frekvens på 20 minuttar i rush, 30 minuttar dagtid, og 60 minuttar kveld.

### **Linjer som får endra kjøretid/rutetid:**

- Alle avgangar mellom Nesttun og Lagunen får utvida kjøretid grunna omkøyringa.
- Dei fleste andre linjer i Fana/Ytrebygda får justeringar i kjøretider/rutetider.

### **Linjer som blir fjerna:**

- Linje 66 Smørås-Lagunen blir fjerna, fordi alle endringane fører med seg at dette området likevel vil få eit betre busstilbod enn i dag.
  - Linje 77E har i dag tre daglege ekspressbussavgangar. Disse vil bli fjerna og erstatta med linje 67.
-



### **Linjer som får endra antall avgangar:**

- Linje 75 Skiparvik-Nesttun: Antall avgangar vil bli auka for å gi eit alternativt reisetilbod til folk som bur nord for Fanavegen.
- I kombinasjon vil avgangane på linje 26, 60, 67 mellom Lagunen-Fjøsanger-Busstasjonen gi 7,5 minutt frekvens i rush (morgonrush: kl. 06.35-08.30, ettermiddagsrush: kl. 15.00-16.50), og 30 minutt frekvens elles, fram til ca. kl. 20.00.

### **Praktiske begrensningar:**

- Det har vore ei utfordring for Skyss å berekna ekstra køyretid mellom Lagunen og Nesttun, då det er usikkert kor store trafikkproblem som vil oppstå som følge av omlegginga.
  - Endringane vil bli satt i verk ved hjelp av eit auka antall bussar i trafikk. Fordi desse bussane må hentast inn til ekstraordinær produksjon, vil dei ikkje ha Skyss-dekor og vil truleg heller ikkje vere universelt utforma.
-